



## VLFK Høyring med frist 26 mars 2021

Tekst under i grå skrift er ordlyd frå høyringa. Innspel frå VIS følger i svart skrift.

### Handlingsprogram 2021

8. Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?

- Definere konkrete innsatsområder/satsingar (innanfor strategiske valde områder som t.d hav, reiseliv og helse) der vi har regionale fortrinn og sette dette inn i det store bildet med FN berekraftsmål, EU med Missions, Smart spesialisering og Knowledge and Innovation Communities´ (KIC)
- Gjere dette store bildet kjent og allment for alle interessentar (stakeholders) i regionen
- Ta posisjonen som Havfylket med felles ambisjonar og kjerneaktivitetar

9. Kven bør delta i det regionale samarbeidet for å nå måla, og korleis skal samarbeidet verte organisert?

- Fylket syter for koordinert samarbeid med aktørar som koblar interessentar t.d TTO, industriklynger, inkubatorar, næringsråd og tilsvarande (ref Havbyen-initiativet).
- Felles satsingar som Innovasjonsuken OPP med meir, kan nyttast som arena for samarbeid knytt til innovasjon i heile regionen.

10. Andre vesentlege innspel til handlingsprogrammet for 2021

- VIS og dei øvrige 10 norske TTO-ar ynskjer å dele erfaringar om sin innovasjonsarena med andre. VLFK vil koordinere slik at dette og øvrige miljø som vil dele sine erfaringar og bygge kultur for innovasjon og medverknad for å få mest mulig effekt. Suksesshistoriar frå slike miljø vil verte løfta fram av VLFK.
- Det er behov for ei heilskapleg ektprenørskapsatsing i regionen med fokus på kunde og felles kundereise. Gründarar, oppstartsselskap og SMBar må få tilgang til relevant kompetanse uavhengig av geografi og bransje. Her kan det bli vurdert å ta i bruk ein felles informasjonsplattform som óg involverer investorkapital.

### Grøn næringsutvikling

- Aktivt støtte opp om satsing på innovasjon over heile verdikjeder for uttalte/vedtatte innsatsområder/satsingar. (T. D slik som når VLFK deltek i arbeidsgruppe, i regi av VIS, for tilnærming til å sette opp ny næring med på Bioraffineri for marine råvarer.)
- Fokus på Missions i Horisont Europa og heile virkemiddelapparatet i Norge med særleg vekt på Grønn plattform og tilsvarande utlysingar
- Tilgjengeliggjere i større grad verkemidlar for grøn næringsutvikling inn mot EU-marknaden til oppstartsselskap og SMB-ar i regionen.
- VLFK vil legge tilrette for tverrfaglige vurderingar for arealbruk, og vil i dialog med UiB og HI innhente innspel ifm arealforvaltning og kystsoner for nye næringar som treng areal for dyrking av sjø/hav.
- I 2021 er Grønn Plattform et sentralt virkemiddel. VLFK vil derfor samarbeide med aktører som TTO, inkubator, katapult og klynger for å sikre best mulig informasjon for å identifisere og rigge best mulig bruk av virkemidler.
- Smart spesialisering er et viktig verktøy for VLFK. Det krever tett dialog med industri og vil derfor videreførast i samråd med TTO og industriklyngene.

## Innovasjon Helse

- Regionen har stor kompetanse innanfor helse, og forskningsmiljøa har markert seg med selskap som BerGenBio som er på børs. Det er stor satsing på innovasjon innanfor helse og ein ny helseinkubator er innflyttingsklar på Haukeland i år. VLFK vil bidra til at tverrfagleg innovasjon kan skje, gjennom å vera vertskap/støtte arrangement innanfor dette.
- VIS vil gjerne gje innspel til arbeidsgruppa til VLFK som skal lage det fleirårige programmet.

## Handlingsprogram 2022-2025

11. Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 har du.

### Grønn gigant

Skaleringsmotor i form av testsenter, støtte aktivt opp om katapultsenter og gå i bresjen for å etablere koordinere småskalaproduksjon for prosessering av marine råvarer (ref industribehov på skala på 25-250 tonn tørt fôr, som er tidobling av eksisterande labsenter).

Skape fleire, berekraftige arbeidsplassar gjennom entreprenørskap og innovasjon innan bransjar med regionale fortrinn; helse, hav, energi og teknologi.

Premiere initiativ som skapar samhandling og felles satsingar. Felles teljekantar, kundefokus og effektiv bruk av ressursar som suksesskriteriar, i staden for konkurrerande tilbod.

VLFK vil aktivt medvirke til regulatorisk koordinering for å få til ønsket havsatsing basert på store utfordringar.

- Dyrking av havet; arealforvaltning, f. eks Tare, Blåskjell, Tunikatar
  - Tillatelser og Fangst; Mesopelagiske artar
  - Oppdrett – teknologi, fôrproduksjon, drift av anlegg
  - Tilgang til rein energi er avgjerande og VLFK vil ta grep for å sikre slik infrastruktur. Dette basert på at ei femdobling av havbruk innan 2050 vil utløyse eit årleg energiforbruk til prosessering av marine råvarer til fôr i samme storleik som Oslo sitt årlege straumforbruk (7-9 TWh).
- Initiere tett samarbeid mellom oppstartsselskap, SMB og ledende industri etter inspirasjon frå EU suksess
  - Sørge for at både varer og teknologi frå nye næringar vert tilrettelagt for eksport.

12. Har de innspel til felles utfordringar eller innsats innafor dei tre satsingane som må sjåast nærare på kort og lang sikt?

### Innovative samfunn

- Sørge for aktiv trippel helix med særlig tett samarbeid med akademia (som har fått 160 mnok) til marin forskning. Prosjekt er i gang for å bygge indikatorar for berekraft, VLFK vil delta i dette og støtte slik implementering i industri og det offentlige. Starte med havnæringane og helse.
- Industri etterlyser tett samarbeid i innovasjonsarbeidet med regulatoriske myndigheter. VLFK vil vera aktiv medspelar og særleg bidra med å kopla riktige folk/instansar.
- Regulatorisk innovasjon med aktiv medvirkning frå start av politisk/myndighet er særleg viktig for å få i gang nye næringar.



- Fokus på relevant kompetanse og praksisnær utdanning kopla til bransjer med regionale fortrinn

13. Korleis kan din organisasjon bidra i samarbeid eller partnerskap for å nå måla i planen?

Innovasjonsarena som involverer tverrfagleg og alle interessentar i å arbeide fram løysingar på store samfunnsproblem.

14. Andre vesentlege innspel til arbeidet med handlingsprogrammet for 2022-2025

Areal til næringsutvikling;

Endring er nødvendig bort frå småparsellar/frimerker til typisk areal på 400 kv km i sjø regulert for dyrking. Dette bør skje i lag med arealsenteret for berekraft ved UiB. Utarbeide konkrete forslag i regionen for regulering av areal som gjev realisme til å nå femdobling i havnæringa innan 2050.